

Høringsuttale frå Salmon Groupe, tildelingsforskrift

Salmon Group er verdas største nettverk av små, familieeigde oppdrettsselskap. Med base i Bergen, yte vi service for våre 46 aksjonærar langs heile kysten, som til saman disponerer 113 konsesjonar for oppdrett av laks og aure, og produksjon av ca. 50 millionar smolt. Dette gjere oss til landets tredje største oppdrettsaktør, med rundt ein tidel av den totale produksjonen av laksefisk i Noreg.

Vårt standpunkt

Salmon Group meiner at det vil vere klokt å utsetje den varsla tildelinga på 5 % vekst. Den gjeldande, mellombelse auka i MTB som tiltak mot marknadsbortfall, vil gje nyttige erfaringar som ein kan byggje på i den komande stortingsmeldinga for havbruk. Også dei nyleg tildelte grønne konsesjonane vil kunne gje kunnskap for å møte sentrale utfordringar, og endre tankesettet rundt korleis norsk laksenæring bør innrettast. Når ein har valt å gjennomføre den tildelingsprosessen, er det viktig å hauste av erfaringane som kan kome fram.

I høyringa om rullerande gjennomsnitt MTB, påpeikte Salmon Group behovet for ein ny fleksibilitet i produksjonsreguleringa, som betre tek høgde for å gjere korrigeringar undervegs i produksjonssyklusen. Vi meiner at situasjonen med handelshindringar er eit døme på at fleksibilitet kan vere utjamnande i høve til marknadsbiletet. Også i arbeidet mot lus og sjukdom ser ein at auka tilpassingsevne kan gje betre utteljing på dei verkemiddela ein disponerer.

Salmon Group meiner at det er uheldig å blande driftsforskrift med tildelingsforskrift. Driftskrav må vere fagleg motiverte, og ikkje blandast med politiske målsetnader. Der må vere eins driftsforskrifter for heile næringa.

Veksttakten i norsk havbruksnæring

Den viktigaste faktoren for auken i den norske lakseproduksjonen, har ikkje vore tildeling av nytt volum, men næringa si evne til produktivitetsvekst. Gjennom betre lokalitetar, ny teknologi, betre fôr, vaksiner og betra smoltkvalitet, har norske oppdrettarar stadig auka si evne til å produsere fisk ut frå eksisterande regelverk.

På den andre sida har styresmaktene til ulike tider hatt ulike formål med å avgrense næringa sitt produksjonspotensiale. I dag er det miljøkrav som er vekstkriterium. Lus er definert som vekstavgrensande faktor. Ei lågare lusegrense og ei grense ved to medikamentelle behandling, skal kunne utløyse 5 % vekst på eksisterande MTB.

Salmon Group meiner at der må vere sams regelverk for heile næringa, og at miljøkrav som vekstkriterium er lite eigna. Miljøkrav må vere driftskrav, og gjelde for heile næringa samla når dei vert innførte. Korkje politikarar eller næring kan forhandle på miljøet sine vegne, men må innrette oss der vi meiner dei forsvarlege grensene ligge. Grensene må vere forsvarlege både for miljøet kring anlegga, og for fisken i anlegga.

Marknaden for norsk laks har tidvis vakse raskare enn produktiviteten. Til liks med ein produksjonsnedgang i Chile, ser vi i dag at prisane har helde seg høge over tid. Dette indikerer ei vedvarande underdekning av fisk, noko som kan vere bra for næringa på kort sikt,

men risikabelt på lengre sikt. Mankoen kan dreie kjøparar over på andre matvarer, hemme produktutvikling og likeins tilgangen på nye kundar.

Marknaden har ikkje på noko tidspunkt blitt teke omsyn til i utdelinga av nytt produksjonsvolum i norsk lakseoppdrett. 5 % er eit tal ein har henta frå SINTEF sine vurderingar av kva vekst som vil vere realistisk framover med omsyn til tidlegare produksjonsauke og evne til innovasjon. Dette speglar først og fremst kva utvikling næringa har hatt historisk. Det er viktig at både næring og styresmakter tek til å ta kundane på alvor når ein skal utnytte potensialet for norsk lakseproduksjon. Vi kan ikkje utvikle oss med ryggen til marknaden.

I dag er ein i næringa einige om at ein ynskjer ein føreseieleg vekst, først og fremst fordi reguleringar og tildelingskriteria har vore svært skiftande til no, og ofte utløyst stor usemje både mellom næringsaktørar og politisk. Det er likevel på sin plass å merke seg at den veksten og utviklinga ein har hatt i næringa, i all hovudsak har kome på trass av forsøka på å overstyre. Først og fremst har det vore ei auka evne til produktivitet, ikkje ein stadig vilje til å la næringa vokse. Reguleringa av oppdrettsnæringa er produktivitetsavgrensande, ikkje ei stimulering til vekst.

Salmon Group meiner prinsipielt at endringar i luseforskrifta bør skje utan andre politiske målsetnader. I denne høyringa framstår endringane i lusestrategi å vere vikarierande med andre politiske målsetnader, noko som ikkje tener korkje næring eller politikarar.

Vekstmodell og prissetjing

Alle tildelingar av nytt volum har hatt i seg ei rekke av politiske ambisjonar. I 2009 var det foredling som var viktigast, i den siste runden var det sokalla «grøne» kriteria. Like fullt har ein blanda inn distriktpolitiske omsyn i alle prosessane. Ein har og lagt vekt på å tilføre pengar til fylkeskommunane og vertskommunane gjennom konsesjonsgebyra.

Også i den føreslegne tildelinga blir miljøkriteria blanda med geografiske preferansar, rett og slett fordi dei kriteria som er lagt til grunn, berre lar seg innføre i enkelte område. Desse områda nyte godt av å vere lite eksponerte for aktivitet i dag. Der er ikkje særskilde driftsformer knytte til desse områda si evne til å innfri dei føreslegne grensene for lus eller behandlingar. Deira fordel kan seiast å vere historisk eller tilfeldig, men ikkje fagleg tilrettelagt.

Fordi den føreslegne veksten når ut til så få, er ikkje dette ein eigentleg vekst for dei næraste åra, men eit løfte om framtidig vekst. Salmon Group meiner dette er ei uheldig bandlegging av både forvaltningsmessig og politisk handlingsrom. Kriterium for lus må inngå i ein strategi, og implementerast som driftskrav, ikkje vekstkrav. Strategien mot lus har vorte endra fleire gongar dei siste åra, og vi må ha rom for at nye løysingar eller kunnskap kan gjere det tenleg å endre han også framover.

Gebyret som vert lagt på tildelt volum, er å rekne som ein førehandsskatt. Det er ikkje ein eigedom eller ein fastsett rett som vert lagt ut, men den framtidige retten til å produsere fisk innanfor det til ei kvar tid gjeldande lovverket. Historia syner at det kan endre seg mykje og ofte. Manglande stabilitet i rammevilkåra har vore eit tilbakevendande tema kring den norske havbruksforvaltninga. Berre dei endringane som skjer i miljøkrav mellom dei grønne løyva og denne tildelingsrunden, syner med all tydelegheit at denne utfordringa ikkje er noko

tilbakelagt stadium. Allereie før den første fisken er komen i sjøen gjennom dei «grøne» løyva, er desse stempla som ikkje miljøvenlege nok.

Salmon Group meiner at i det perspektivet er prisen som er sett på den varsla 5 % veksten for høg. For dei mindre aktørane er behovet for auka produksjonsvolum også av ein slik karakter at ei 5 % auke på eksisterande løyve ikkje vil finne investeringa forsvarleg. Som vi synleggjorde i vår høyringsuttale til rullerande gjennomsnitts MTB, er det i dag ei rekke aktørar som slite med opp mot 20 % etterslep på sine eksisterande løyve, fordi soneforskrifter har vore med og kasta om på utsetta deira. Denne konkurransevridinga vil ikkje bli mindre av å tildele vekst på eksisterande MTB.

Lusestrategi

Den gjeldande strategien mot lakselus i norsk oppdrettsnæring, tek sikte på å halde nivået av kjønnsmodne lus lågt gjennom heile året. Maksimalgrensa seier at der aldri skal vere meir enn 0,5 kjønnsmodne lus i gjennomsnitt i kvar merd. Dette tilseier at tiltak på setjast inn på lågare nivå for å unngå å passere grensa.

Strategien med konstant låge lusenivå erstatta eit regime der ein hadde høgare grenser om vinteren, utanfor laksesmolten si utvandringstid. Problema med dette skiftet i forvaltning, er forbundne med dei verkemiddela ein har for å nedkjempe lusa. Ein fekk behov for ei auka mengde kjemiske behandlingar, utan å ha nye verkemiddel, noko som har vore resistensdrivande. Det har og gått ut over fiskevelferda, då tapa av fisk i samband med behandling har vore betydelege.

Salmon Group meiner at arbeidet med å finne ikkje-medikamentelle metodar mot lus er maktpåliggande. Samstundes må ein erkjenne at ein i dag ikkje har effektive nok verkemiddel til å fylgje den strategien som vert lansert i tildelingsforskrifta. Omsynet til resistensutvikling og fiskevelferd hos oppdrettsfisken må leggjast til grunn her. Det er viktig å oppretthalde effekten av dei verkemiddela ein har i dag, medan ein arbeider fram nye verktøy mot lusa.

Vekst og struktur

For Salmon Group sine aksjonærar er det avgjerande at veksten i produksjon og kjem dei lokale aktørane til gode. Ein vekst på eksisterande MTB er ei rettferdig ordning, men prisnivået ein her har lagt seg på er ekskluderande. Eit høgt gebyr favoriserer selskapa som hentar kapital på børs. Vekstpotensialet er og avgrensa med få løyve. Med 5 % auke må du ha 20 løyve for å få vekst tilsvarande ein heil MTB.

Om ikkje dei mindre selskapa kan konkurrere på gebyret, kan dei absolutt levere på samfunnsverdien av å drifte løyva. Dei er garantistar for ein lokal profil hos bedriftene, og med dette opprettheld ein lokale tenester og infrastruktur. Eigarane bur i dei samfunna dei driv i, og betalar skatt til kommune, fylkje og stat. Selskapa betalar all sin skatt til den norske staten.

Det er og viktig for næringa som heilskap og som samsfunnsaktør at ein helde oppe eit mangfald i struktur og eigarskap. Dette sikrar konkurranse, og med den innovasjon, produktivitet og ein mangfaldig leverandørindustri. Leverandørane til norsk oppdrettsnæring spelar ein betydeleg rolle i verdiskaping og sysselsetjing i landet.

Når ein no avviklar eigarskapsavgrensingane i næringa, er det på sin plass at ein får kartlagt kva som kan verke drivande for strukturendringar. Mange tiltak som har vorte innførte med heilt andre mål, har vorte hemmande for mindre aktørar. Dette bør vere eit tema i samband med havbruksmeldinga. Det er tverrpolitisk semje om at ein ynskjer eit mangfald i næringa også framover, men høgst uklart korleis ein vil nå den ambisjonen.

Oppsummering

Salmon Group vil tilrå at ein utset den varsla veksten fram til havbruksmeldinga ligg på bordet, med dei erfaringar og utgreiingar ein kan gjere i mellomtida. Den mellombelse MTB-utvidinga vil gje ein del nyttige erfaringar med omsyn til fleksibilitet og produksjonssyklus.

Vi vil og påpeike at der er omsyn som var ivaretekne av forslaget om rullerande gjennomsnitts MTB, som ikkje vert dekkja inn av ein vekst på eksisterande MTB. Medan rullerande MTB var eit tiltak for å betre fleksibiliteten, er dette forslaget retta mot rein produksjonsvekst.

Miljøkrav må vere driftskrav og ikkje vekstkrav. Ein kan einast om målsetnader for framtida, men ein kan ikkje opptre med fleire ulike regelverk innanfor ei og same næring med felles teknologi og verkemiddel. Det er og svært uheldig for investeringshorisonten i næringa at dei grøne løyva vert forelda alt før dei kjem i produksjon.

Salmon Group er opptekne av at den komande havbruksmeldinga skal ta opp i seg flest mogleg sider ved det å oppretthalde og utvikle ein marknadsleiande norsk produksjon av laks og regnbogaure. Vi vil difor tilrå at ein no ventar med ytterlegare endringar i reguleringsmodellen til næringa inntil arbeidet med stortingsmeldinga er ferdigstilt. Eventuell trong for å endre regelverk, kan og bør skje utan at det inngår i ei tildelingsforskrift.

Høyringsnotat – utkast til forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i 2015

1 Innleiing

I 2015 tek Nærings- og fiskeridepartementet sikte på å gi tilbod om å auke maksimal tillaten biomasse (MTB) for løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogaure med 5 prosent.

Hovudelementa i høyringsnotatet er:

- Etablerte aktørar vil få tilbod om å utvide kapasiteten (MTB) for gjeldande matfiskløyve for laks, aure og regnbogaure med 5 prosent.
- Det blir sett som vilkår, for heile løyvet som blir utvida, at det i lokalitetar der løyvet blir utnytta skal det aldri vere meir enn 0,1 vaksne holus av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) i gjennomsnitt per fisk.

- Grensa skal haldast ved bruk av maksimalt to kjemiske behandlingar per produksjonssyklus.

- Vederlaget er 1 500 000 kroner for løyve avgrensa til 780 tonn eller 945 tonn. For løyve med anna avgrensing enn dette er vederlaget 38 461,50 kr per tonn løyvet blir utvida med.

2 Bakgrunn

Noreg må ha noko å leve av når inntekter frå olje- og gassressursane ikkje lenger kan hjelpe til med å halde oppe den høge levestandarden vår, den låge arbeidsløysa og den gode nasjonaløkonomien. Regjeringa vil løfte konkurransekrafta for næringslivet i fastlands-Noreg slik at det blir skapt fleire trygge arbeidsplassar og at finansieringa av velferdsordningane blir sterkare.

Konkurransekraft er eitt av åtte satsingsområde i den politiske plattformen til regjeringa.

Regjeringa vil føre ein framtidretta næringspolitikk som legg til rette for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av norsk økonomi. Rammevilkår skal gi auka konkurransekraft og dermed høve til å skape større verdiar.

Havbruksnæringa er allereie ein stor bidragsytar til norsk verdiskaping. Den havbruksbaserte verdikjeda stod i 2012 for ca. 23 600 årsverk, inkludert ringverknader. Rapporten

”Verdiskaping basert på produktive hav i 2050” ser for seg framtida til norske marine næringar. Under føresetnad av at vi klarer å løyse miljøproblema i havbruksnæringa, og at det er politisk vilje til å prioritere, har havbruksnæringa eit langt større verdiskapingspotensial enn det som blir utnytta i dag. For å realisere potensialet i rapporten om 2050 må det vere vekst og utvikling i lakseoppdrett. Veksten i lakseoppdrett bør nok vere ein stad mellom tre og fem prosent i snitt per år for at næringa skal kunne produsere fem millionar tonn i 2050. Men for å kome dit må havbruksnæringa løyse problema med lus og rømming, og på litt lengre sikt tilgangen til berekraftig fôr. Norsk lakseoppdrett gir viktige arbeidsplassar langs

kysten, skaper verdiar og store inntekter for Noreg. Styresmaktene må difor også leggje til rette for at havbruksnæringa kan ta ut potensialet sitt for produksjon av mat og verdiskaping i den norske nasjonalrekneskapan. Kunststykket er å balansere dei ulike omsyna på ein måte som ikkje berre tek vare på kvart omsyn for seg, men som også gjer at dei gjensidig forsterkar kvarandre.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for vekst i havbruksnæringa, under føresetnad av at veksten blir vurdert som miljømessig berekraftig. Dette er også omtalt i regjeringsplattforma. Regjeringa tek no sikte på å tilby havbruksnæringa ein kontrollert og miljømessig berekraftig vekst som alle etablerte lakseoppdrettarar kan ta del i. Tilbodet blir gitt mot vesentleg strengare miljøkrav når det gjeld lakselus, næringa si største miljøutfordring.

Overordna innretning av forslaget

Det er ein føresetnad for vekst på lang sikt at veksten skjer innanfor rammene av kva miljøet toler. På kort sikt er havbruksnæringa sine to hovudutfordringar når det gjeld miljø, den verknaden lakselus og rømd oppdrettsfisk har på ville laksebestandar.

Når det gjeld lus, har Mattilsynet opplyst at dei er urolege for situasjonen, særleg med tanke på utvikling av resistens og verknaden på ville laksefiskbestandar. Departementet meiner at auka produksjon utan at det blir stilt strengare miljøkrav, neppe er tilrådeleg, bortsett frå i einskilde område. Forslaget om å auke produksjonskapasiteten no, har difor som mål å stimulere næringa til å redusere risikoen for negativ påverknad frå lus på dei ville bestandane og motverke auka resistens mot medikamentelle behandlingar. Vilråa for å få løyve er på denne bakgrunnen sett slik at dei skal hjelpe til å redusere nivåa av lakselus på nasjonalt plan. 2013 var eit år med lågt lusenivå i oppdrettsanlegga. Gjennomsnittleg tal lus gjennom året var 0,15 (som tilsvarar at ein finn 3 lus når ein tel lus på 20 fisk), men med variasjonar langs kysten. Dette er det lågaste nivået sidan 2010. Situasjonen for ville bestandar av sjøaure var likevel ikkje god dette året, og når vi no legg til rette for vekst, har departementet difor lagt til

grunn at talet på lus bør reduserast samanlikna med 2013.

Dersom alle aktørar får tilbod om vekst vil ein auke i MTB på 5 prosent, saman med ei maksimumsgrense på 0,1 holus per fisk i anlegg som nyttar løyve med auka MTB, kunne føre til ein samla reduksjon i tal på lus nasjonalt på omlag 30 prosent. Dette vil vere positivt for ville bestandar av sjøaure og laks. I Finnmark, Rogaland og Agder vil ei lusegrense på 0,1 vere høgre enn gjennomsnittet for 2013, slik at ein kan vente noko høgre lusetal der. I resten av landet vil ei grense på 0,1 kunne gi ein reduksjon gjennom året.

Eit slikt strengt krav kan føre til at oppdrettarar som ligg tett opp mot dagens maksgrense på 0,5 vil vurdere kostnaden ved å halde eit lusenivå på 0,1 som for høg, slik at lusebelastninga i slike område ikkje blir redusert. Departementet har likevel lagt merke til at fleire av aktørane som vann fram i den pågåande tildelingsrunden gir uttrykk for at produksjonskostnaden på dei grøne løyva berre vil vere marginalt høgre sidan dei positive verknadene (lågare dødstal, auka tilvekst osv.) heilt eller delvis veg opp for kostnadsauken. Dette gjeld likevel løyve med mindre strenge vilkår enn det som blir foreslått her, og kostnader og inntekter kan fordelast over ein større auke i biomassen.

Næringa har utfordringar med resistens mot legemiddel mot lus i store deler av landet. Difor meiner departementet det er rett også å setje grenser for bruken av medikamentelle behandlingar mot lus, om produksjonskapasiteten skal aukast. I lusekriteriet som gjeld for tildelingsrunden som no pågår er det krav om maksimalt tre medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Sidan mange oppdrettarar klarde seg med ei behandling i 2013, er det vår meining at dette no kan strammast inn til maksimum to behandlingar per produksjonssyklus. Utviklinga av alternative metodar for å regulere lusenivået har likevel ikkje kome langt nok til at det bør setjast eit strengare krav enn dette.

Næringa si andre store miljøutfordring på kort sikt er rømming. Tiltaka mot rømming har dei siste åra ført til reduksjon både i tal på rømmingsepisodar og i mengd rømt fisk i elvane. Vi er

no på eit nivå der enkelthendingar har stor innverknad på dei samla rømmingstala. Det er likevel ikkje den same tette samanheng mellom talet på fisk i sjøen og talet på rømmingshendingar, slik som det er mellom talet på fisk og talet på lus. Departementet vil difor følgje opp rømmingsutfordringane i eit eige opplegg. Dette gjeld både bruk av forureinar betalar-prinsippet, der selskapa som er ansvarleg for fisken må betale for tiltak pålagt av styresmaktene, og strengare krav til teknisk utforming av landbaserte anlegg (settefiskanlegg) og implementering av NS 9416. På denne bakgrunnen meiner departementet det ikkje er rett å fremme kriterium knytt til rømming no.

4. Nærare om forslaget

4.1 Auka kapasitet for gjeldande løyve

Forslaget til forskrift opnar for høve til å søkje om å utvide kapasiteten for gjeldande matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure med 5 prosent. Dette inneber ein auke på 47 tonn, frå 945 tonn til 992 tonn MTB i Troms og Finnmark fylke, og ein auke på 39 tonn, frå 780 til 819 tonn MTB, i resten av landet. For løyve med annan storleik kan det også søkjast om 5 prosent auke. Det kan ikkje søkjast om kapasitetsauke for gjeldande løyve på meir eller mindre enn 5 prosent. Det blir foreslått i § 2 i forskriftsutkastet at tilbodet skal vere tidsavgrensa, dvs. at det er ein søknadsfrist.

Forslaget gjeld ikkje løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn til særlege formål. Biomassen til slike løyve er avgrensa etter det vurderte behovet, jf. forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 28b.

For å sikre at alle innehavarar av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure mottek tilbodet om kapasitetsauke, foreslår departementet i forskriftsutkastet § 3 at tildelingsstyresmaktene skriv ei orientering til alle innehavarane av matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure. Det går fram av akvakulturregisteret kven som er innehavar av akvakulturløyve. Det går vidare fram av § 3 i forskriftsutkastet korleis tilbodet skal

kunngjerast, og kva tilbodet minst skal innehalde.

Innehavarar som ønskjer å nytte tilbodet skal sende ei melding til den fylkeskommunen der løyvet høyrer heime, jf. utkastet § 4. Meldinga skal oppfylle krava som er foreslått i forskriftsutkastet § 6. I dette ligg det at styresmaktene ikkje vil vurdere om aktøren er i stand til å oppfylle krava, og aktøren må ikkje dokumentere korleis han skal oppfylle vilkåra.

Det følgjer av forslaget til § 6 at meldinga skal førast på fastsette skjema og minimum innehalde opplysningane nemnde i tredje ledd. Eventuelle andre opplysningar det blir bedt om i meldingsskjemaet skal naturlegvis også fyllast ut.

Meldinga skal leverast til fylkeskommunen innan 18. mars, og søknader som blir sende etter fristen vil ikkje bli behandla. I forskrifta er det ei uttømmende oversikt over ulike måtar å levere meldinga på, felles for dei er at det er mogeleg å kontrollere sendetidspunktet. Dersom aktøren vel å sende meldinga per faks, bør sendekvitteringa takast vare på. Ved elektronisk melding vil avsendar også motta ei automatisk tilsend kvittering på at meldinga er motteken. Dersom det er tekniske problem med mottak på styresmaktene si side vil dette kunne sporast, og fristen vil då bli utsett. Legg merke til at det ikkje er tillate å sende meldinga med ordinær post, mellom anna fordi det er vanskeleg å kontrollere tidspunktet for sending.

Ved oppmøte hos fylkeskommunen vil fylkeskommunen registrere mottakstidspunkt. Med oppmøte er meint personleg oppmøte eller den som aktøren sender for seg. Dette kan til dømes vere ein tilsett eller eit bod frå kommersiell bodteneste. Ved oppmøte skal meldinga vere motteken hos fylkeskommunen innan kl. 1500 på frisdagen.

Det er ein føresetnad at søknadene blir behandla kontinuerleg, og dette gjeld også søknader som blir leverte før søknadsfristen. Det går fram av forslaget til § 8 2. ledd at "Innehavaren gir beskjed til fylkeskommunen der løyvet høyrer heime 2 veker før han ønskjer at utvidinga av løyvet skal takast i bruk." Bakgrunnen for føresegna er at innehavaren ikkje skal måtte oppfylle krava til lusetal før han meiner han er i stand til det. Dersom innehavaren ønskjer å ta

i bruk kapasitetsauka med ein gong, kan han gi beskjed om det i meldinga til fylkeskommunen.

4.2 Vederlag

I dagens marknad blir løyve omsette mellom næringsutøvarar mot betaling. Ved vederlagsfrie løyve vil verdien av eit løyve gå til den som omset løyvet i andre hand, og ikkje til fellesskapet. Det er rimeleg at verdien av løyvet i hovudsak tilkjem fellesskapet og ikkje den som blir tildelt den særretten eit løyve inneber. Dei same omsyna gjeld også når storleiken på gjeldande løyve blir auka, og kapasitetsauken vil auke verdien på løyva. I alle tildelingsrundar sidan 2002 er det teke vederlag, og dette blir foreslått å vidareføre no.

Storleiken på vederlaget er fastsett etter ei vurdering av kva verdiar eit løyve blir omsett for i marknaden, medrekna dei prisane som vart oppnådd i den lukka bodrunden for grøne løyve. Ei vurdering som berre var basert på dette, ville føre til at prisen for kapasitetsauke enda i området 2 - 2,75 mill. kr. Men vilkåra som gjeld for denne kapasitetsauken er strengare enn dei som gjaldt i tildelingsrunden i 2013, og Nærings- og fiskeridepartementet reknar med at det kan vere relativt store kostnader med å oppfylle vilkåra som er knytt til løyva, slik at prisane må reduserast vesentleg.

Vederlaget er på denne bakgrunnen foreslått sett til 1 500 000 kr, jf. forskriftsutkastet § 5 første ledd bokstavane a. og b. Vederlaget tilkjem staten, men regjeringa tek sikte på å leggje fram forslag til Stortinget om at 50 prosent av vederlaget skal gå til vertskommunane som frie midlar. For løyve som har ei anna avgrensing enn 780 tonn eller 945 tonn i Troms og Finnmark blir eit tilsvarende vederlag betalt, jf. forslaget til § 5 første ledd bokstav c. Det er ingen løyve i Troms og Finnmark som har ei anna avgrensing enn 945 tonn MTB. Vederlaget for løyve med anna avgrensing blir difor rekna ut frå 780 tonn, som utgjer 38 461,50 kr per tonn løyvet blir utvida med.

Det går fram av forskriftsforslaget § 5 kva kontonummer vederlaget skal betalast til, og

korleis betalinga skal merkast.

Av siste ledd i § 5 går det fram at vederlaget ikkje blir refundert dersom løyvet, eller delar av løyvet (eks. utvidinga som det denne forskrifta gjeld), blir inndrege.

4.3 Vilkår

4.3.1 Utforming av vilkår

I utkastet til forskrift § 7 er vilkåra for utviding av løyva skildra. Vilkåra gjeld for heile konsesjonen som blir utvida.

Vilkåra vil gjelde særskilt for det einskilde løyvet, og uavhengig av eigar. Det vil seie at dersom løyvet blir selt, vil vilkåra gjelde for ny eigar.

Kriteria er meint å vere teknologinøytrale, slik at ikkje forvaltninga legg føringar på kva løysingar ein skal bruke. Kriteria er såleis utforma som eit målkrav. Kravet inneber:

- a) Det skal heile tida vere færre enn 0,1 vaksne holus av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) i gjennomsnitt per fisk.
- b) Forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg gjeld, med unntak for § 6 andre ledd siste punktum, då teljing av lakselus skal gjennomførast i samsvar med vedlegg 1 til denne forskrifta.
- c) Grensa i bokstav a skal haldast ved bruk av maksimalt 2 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus.

Første del av bokstav b er sjølvst, generelle krav gjeld i tillegg til dei vilkår som gjeld særskilt for løyvet. Vi gjer også oppmerksom på at om løyvet har strengere eller andre vilkår (til dømes at det er gjeve strengere vilkår i samband med tildelinga av grøne løyve), vil desse vere gjeldande også for auka på 5 %. På grunn av det låge lusnivået som departementet foreslår som vilkår, må likevel teljemetoden vere annleis, og departementet foreslår at teljemetoden blir slik som i våravlusingsperioden. I praksis inneber det at det må teljast lus på dobbelt så mange fisk i perioden 1. juni til 31. januar. All handtering av fisken inneber stress,

og må difor vurderast ut i frå eit dyrevelferdsomsyn. Dette er det mellom anna teke omsyn til i luseforskrifta ved at det skal teljast kvar 14. dag ved låge sjøtemperaturar (<4 °C) i staden for kvar veke. Mattilsynet har ansvar for å føre tilsyn med at luseteljingane ikkje går på kostnad av velferda, og kan setje inn tiltak om nødvendig. Samtidig vil ein reduksjon i mengda medikamentelle behandlingar hjelpe til å betre velferda for fisken, då slike behandlingar inneber både ein svelteperiode og handtering av all fisk i anlegget.

Grensa for lakselus skal kunne haldast ved å bruke maksimalt 2 medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Formålet er å sikre at det er dei driftsmessige eller teknologiske løysingane som sørgjer for at lusenivået blir halde lågt, ikkje kjemiske middel. Auka bruk av medikamentell behandling fremmar også resistens mot lusemidla som i dag er godkjente, og er difor uheldig på sikt. Forslaget er ei innstramming samanlikna med tildelingsrunden som no pågår. I lusekriteriet som gjeld for pågåande tildelingsrunde er det sett krav om maksimalt 3 medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Med tanke på at mange oppdrettarar klarde seg med ei behandling i 2013, meiner vi at dette no bør strammast inn til maksimalt 2 behandlingar. Utviklinga av mekaniske og biologiske metodar for regulering av lusenivå har likevel ikkje kome langt nok til at det er tilrådeleg å foreslå eit strengare krav enn dette. Vi legg til at det ikkje er eit sjølvstendig mål at lakseproduksjonen skal skje utan medikamentell behandling mot lakselus. Målet er at medikamentelle behandlingar skal brukast i avgrensa grad og at hovudvekta av nedkjempinga består av biologiske og mekaniske metodar.

Det går fram av § 8 siste ledd i forslaget, at Fiskeridirektoratet og Mattilsynet vil føre tilsyn med at vilkåra blir følgde av den som får utvida løyvet sitt. Ved brot på vilkåra kan styresmaktene etter § 10 gi reaksjonar og sanksjonar, slik som pålegg, tvangsmulkt, administrativ inndraging, lovbrotsgebyr og straff. Departementet ønskjer eit føreseieleg sanksjonssystem, og vil leggje opp til ei relativt skjematisk vurdering, sjå nedanfor.

Å trekkje tilbake utvidinga av løyve er eit inngripande tiltak, som må brukast med varsemd.

For tilsynsstyresmaktene vil det difor vere naturleg å bruke sanksjonar og reaksjonar før det blir aktuelt å vurdere tilbaketrekking. Slike reaksjonar har likevel ikkje noko formål dersom det etter ei tid blir klart at innehavaren ikkje vil vere i stand til å oppfylle vilkåra. På grunn av miljøsituasjonen i havbruksnæringa er det å oppfylle vilkåra ein klar føresetnad for tildelinga av auka kapasitet.

I utkastet til forskrift § 9 foreslår departementet difor at kapasitetsauken kan trekkjast tilbake dersom det over ein periode på to produksjonssyklusar skjer 4 eller fleire brot på vilkåra.

Dette er uavhengig av kva lokalitetar løyva er knytt til. Systemet med reaksjonar og sanksjoner vil, etter instruks frå departementet til tilsynsstyresmaktene, sjå om lag slik ut:

Eit alternativ for innehavar som ikkje klarer å oppfylle vilkåra vil vere å selje løyvet.

Departementet vil i den samanheng presisere at akvakulturlova § 19 andre ledd fastset at overføring av løyve ikkje har noko å seie for styresmaktene sin bruk av verkemiddel i lova, dette gjeld også føresegna om tilbaketrekking av løyve. Ny innehavar må difor halde vilkåra sett i løyvet og dei vil fullt ut gjelde for kjøpar. Seljar sitt brot på vilkår sett i løyvet vil såleis hefte ved løyvet, også etter overføring. I dette ligg at lova sine verkemiddel knytt til løyvet kan brukast også etter overføring dersom vilkåra elles er til stades. Til dømes vil opptent passivitet hefte ved den einskilde retten også ved overføring til ny innehavar, slik at utløpsdato i utgangspunktet ikkje blir endra ved overføring. Det same gjeld førehandsvarsel om tilbaketrekking. Til dømes: Dersom seljar har hatt tre brot på vilkåra i siste

produksjonssyklus vil ein ny innehavar, få utvidinga trokke tilbake om det skjer brot på vilkåra i sin fyrste produksjonssyklus. Ein skal ikkje kunne unndra seg tilbaketrekking av den auka kapasiteten gjennom å overføre løyvet etter at varsel om tilbaketrekking er gitt.

Ovannemnde inneber at Fiskeridirektoratet, ved overføring av løyve etter at førehandsvarsel om tilbaketrekking er gitt, kan setje ein ny frist for tilbaketrekking overfor ny kjøpar. Det skal ikkje setjast ny frist dersom kjøpar er ein del av same konsern som seljar. Dersom det er

grunnlag for å endre fristen, bør fristutsettinga vere kort, då det skal leggjast til grunn at ein kjøpar har tilgang til tilstrekkelege verkemiddel til å halde vilkåra som er sett i løyvet.

Ved tilbaketrekking av kapasitetsauken etter § 9, jf. akvakulturlova § 9, vil innehavar av løyvet ikkje få tilbakeført vederlaget, jf. § 9 fjerde ledd. Ein kapasitetsauke som er trekt tilbake vil ikkje bli tildelt på nytt.

4.4 Vedtak

Det går fram av forskriftsutkastet § 8 at vedtak skal gjerast av fylkeskommunen.

Dersom søkjaren oppfyller krava lista opp i forskriftsutkastet § 6 skal fylkeskommunen gjere positivt vedtak om utviding av løyvet.

Meldinga blir ikkje behandla dersom søknaden er levert eller motteken for seint, jf. forslaget til § 8 tredje ledd.

I fjerde ledd er det teke inn ulike forslag til korleis manglande innbetaling av vederlaget eller dokumentasjon på innbetaling skal behandlast. Felles for forslaga er at fylkeskommunen ved manglande dokumentasjon skal be Fiskeridirektoratet kontrollere eigen konto, for å sjå om innbetalinga har skjedd innan utløpet til fristen. Dersom innbetaling er i orden, skal fylkeskommunen gjere positivt vedtak om også andre vilkår er oppfylte. Dersom vederlaget ikkje er innbetalt eller innbetalt for seint er konsekvensen at meldinga ikkje blir behandla.

Dersom meldinga har andre feil eller manglar set fylkeskommunen ein rimeleg frist for oppretting, jf. forslaget § 8 femte ledd.

Det kan klagast på vedtaket. Klagen skal setjast fram for det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket, jf. forvaltningslova § 32, i dette høvet fylkeskommunen. Eventuelle klager blir behandla av Fiskeridirektoratet sentralt.

4.5 Saksbehandlingsgebyr

Etter gjeldande regelverk skal det betalast saksbehandlingsgebyr på 12 000 kroner for

søknader om løyve i medhald av akvakulturlova. Det skal likevel ikkje betalast søknadsgebyr for melding etter denne forskrifta.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar for forvaltninga

Forslaget vil gi fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet arbeidsoppgåver med saksbehandling, utskriving av nye løyvedokument, godkjenning av endra og nye driftsplanar og kontroll- og tilsynsarbeid. Særleg Mattilsynet vil få meir arbeid som gjeld tilsyn og kontroll med at verksemdene held vilkåra. Regjeringa vil difor foreslå for Stortinget at Mattilsynet får ei tilleggsløyving på 10 mill. kroner for å dekkje delar av utgiftene.

Departementet reknar med at kapasitetsauken langt på veg kan skje på noverande lokalitetar. Ved klarering av nye lokalitetar vil også andre offentlege etatar bli involverte, medrekna Mattilsynet, Kystverket, Fylkesmannen og dei aktuelle kommunane. Dei nødvendige ressursane til dette må prioriterast innanfor noverande rammer.

For næringa vil dei økonomiske konsekvensane vere knytt til innbetaling av vederlag og søknadsgebyr. Auka produksjonskapasitet vil bety at det blir mogleg å auke produksjonen og innteninga. Dei som ønskjer å nytte seg av tilbodet vil få oppgåver knytt til søknadsprosessen. Vidare vil det for mange aktørar kunne vere relativt store kostnader med å oppfylle vilkår som blir stilt til utvidinga. Positive verknader (lågare dødstal, auka tilvekst osv.) kan medverke til å redusere kostnadene.

6 Vidare prosess

Konsekvensane for statsbudsjettet som forslaget får, er ikkje behandla av Stortinget, og departementet gjer difor merksam på at forslaget om kapasitetsauke er avhengig av budsjettbehandlinga til Stortinget. Behandlinga blir normalt slutført innan midten av desember.

Departementet tek sikte på å fastsetje forskrifta kort tid etter, og at kunngjeringa av tilbodet skjer i midten av desember 2014 - med frist for å sende inn melding 18. mars 2015.

Fylkeskommune vil behandle meldingane fortløpande når dei kjem inn.